



NORSKE STIFTELSERS FORMÅL OG BETYDNING?

Aksel Mjøs, førsteamanuensis, Norges Handelshøgskole
Stiftelsesforeningens jubileumskonferanse

11. mai 2023

Kva skiljer stiftingar frå private selskap?



	Private selskap	Stiftingar
Drivkraft	Eigars (finansielle) mål, til ei kvar tid	Føremålet, ved etableringa
Finansielle ressursar	Overskot + ekstern kapital med avkastningskrav	Overskot + gåver + lån
Tidshorisont	Open, kan vera neste generalforsamling	Evig, eller vedtektsbestemt
Styrande organ	Eigarane sine representantar	Vedtektsbestemt – for føremål/relasjon
Fleksibilitet	Omsetteleg eigarskap og styringsrett	Innanfor føremålet definert av opprettar
Permanens	Alt avheng av eigarane	Definert ved opprettinga, eigarlaust, uavhengig, permanent



Kva slag stiftingar har vi?

- Utdelande filantropiske stiftingar
- Innsamlingsstiftingar
- Museer
- Boligstiftingar
- Forskningsstiftingar
- Sjukehus, rusinstitusjonar, aldersheimar og rehabilitering
- Finans- og sparebankstiftingar
- Næringsdrivande stiftingar

Stiftelsestilsynet fann i 2020 at 42% er utdelande stiftingar, 39% er aktivitetsstiftingar, 11% er holdingstiftingar og 8% er kombinasjonstiftingar

I januar 2023 var det 6330 stiftingar i Noreg



Kva anna er spesielt med stiftingar?

- Ei stifting er ei permanent sikring av eit føremål, og er ein aktivitet som både er meir stabilt enn ei forening eller eit offentleg “tiltak” – og ofte greier å engasjera dugnadskraft gjennom frivillige:
 - “Det må jo vera meir inspirerende å vera med å gjera noko for andre enn å berika aksjonærar” *Reidar Lorentzen, tidl. Styreleiar i Kavlifondet*
- Stiftingar har ingen private interessentar, det gjer at alt fokus og all energi frå alle involverte går til å realisera føremålet
 - Utfordringa er å faktisk ha same drivkraft som kommersielle aktørar
- Stiftingar kan gjennom permanens, uavhengighet, ressursar og innovasjon vera eit viktig supplement og korrektiv til offentlege løysingar – både med tenester og finansiell støtte
 - *Men har ikkje sjølv tilgang til rask oppkapitalisering*
- Stiftingar kan(!) representera langsiktig eigarskap og tolmodig kapital i utvikling av nye, viktige, risikable verksemder i samfunnet – og gjennom finansstiftingane



Kva er utfordringane for stiftingar? (1)

Vi treng breiare forståing for kva stiftingar er og korleis det skal leggjast tilrette for å nytta stiftingar når dette er den beste organisasjonsforma:

- a) Permanent og anerkjent sikring av eit føremål, uavhengig av opprettar, styre, politikk eller andre interesser – og *ressursar og heimlar for Stiftelsestilsynet til å ivareta dette*
- b) Oppdatert, relevant, ny lovgjeving – jfr. NOU 2016: 21
- c) Avklara skattereglar som støttar optimal kapitalforvaltning og føremålsinvesteringar.



Kva er utfordringane for og med stiftingar? (2)

For mange stiftingar er for små – 40% har kapital på 1 mill.kr. eller mindre (2020). Trong for enklare tilrettelegging for samanslåing og omdanning som sikrar overordna føremål på meir effektivt vis – når alternativet er minimal føremålsrealisering eller suboptimal drift på grunn av ressurstilgang og skala

- a) Kva med “omdanningsamneste” for små stiftingar (< 5 mill.kr), der vesentleg føremålsrealisering er økonomisk usannsynleg og styret presenterer gode vidareføringsalternativ?
 - Kan kombinerast med utvida høyringsrundar på krevande søknadar
- b) Generelt behov for profesjonalisering av styring, administrasjon, effektivitet i føremålsrealiseringa og kapitalforvaltninga
 - Inkludert åpenhet og fullverdige rapportering som byggjer tillit til stiftinga – og heile sektoren

Små stiftingar som lever av avkastning kan ikke levera på sitt føremål!



Kapital (mill.kr.)	1	5	10	50
Administrasjon	28	40	55	175
Revisjon	26	30	35	75
Sum	54	70	90	250
Avkastning - scenario				
1 %	10	50	100	500
3 %	30	150	300	1 500
5 %	50	250	500	2 500
Til utdeling & honorar				
1 %	-44	-20	10	250
3 %	-24	80	210	1 250
5 %	-4	180	410	2 250



Dei største stiftingane – i 2020:

Stiftingar, etter kapital, 2020	Årsresultat	Kapital	Bokført avkastni
GJENSIDIGESTIFTELSEN	4 558 000	41 397 000	11,0 %
OLAV THON STIFTELSEN	64 906	25 478 327	-0,3 %
SPAREBANKSTIFTELSEN DNB	527 120	17 434 087	3,0 %
SYKEHJELPS- OG PENSJONSORDNING FOR LEGER (SOF	42 602	5 339 843	0,8 %
SPAREBANKSTIFTELSEN HEDMARK	226 604	5 331 832	4,3 %
SPAREBANKSTIFTELSEN SR-BANK	96 386	4 069 991	-2,4 %
STIFTELSEN FRITT ORD	186 000	3 611 000	5,2 %
BRUNSTADSTIFTELSEN	1 441	3 081 078	0,0 %
TROND MOHN STIFTELSE	143 830	2 963 631	4,9 %
SPAREBANKSTIFTELSEN SPAREBANKEN VEST	184 372	2 730 103	6,8 %
STIFTELSEN SINTEF	127 589	2 541 998	5,0 %
STIFTELSEN FLYKTNINGHJELPEN	72 170	2 286 069	3,2 %
KRISTIANSAND KOMMUNES ENERGIVERKSSTIFTELSE	183 305	2 270 629	8,1 %
SPAREBANKSTIFTINGA SOGN OG FJORDANE	46 777	2 109 254	2,2 %
STIFTELSEN HANDELSHØYSKOLEN BI	139 682	2 075 835	6,7 %
		<i>Gj. Snitt</i>	<i>3,9 %</i>
		<i>Median</i>	<i>4,3 %</i>

I 2020 hadde medianstiftinga 2,1 mill.kr. i kapital, medan gjennomsnittet var 42,7 mill.kr. Kostnadane var 162 000 kr (median) og 9,5 mill. kr (snitt).



Korleis er stiftingar relevante framover?

1. Vi treng framleis ein måte for engasjerte opprettarar til å sikra eit føremål til evig tid – *som vi har hatt sidan middelalderen*
2. Stiftingar er, med rett oppsett og profesjonell drift, eit stadig meir aktuelt alternativ for private verksemder der eigaren vil både sikra verksemda mot uheldige eigarskifter og ivareta eit godt føremål.
 - Opprettar kan definera føremål, styringsform, varighet og andre rammer



Bloomberg



3. Utdelande stiftingar kan – for å sikra både profesjonalitet og effektivitet – på sjølvstendig vis – inngå langsiktige avtalar om å støtta definerte (få) føremål, heller enn å handtera søknadar eller å sjølv utvikla prosjekt
4. Styrevalg er særleg avgjerande for eigarlaus stiftingar:
 - **Kompetanse x kapasitet x engasjement**